

Adressater i henhold til vedlagd liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/2229-

30. juni 2020

Høyringsbrev - Forslag om endringer i forskrift om opptak til høgre utdanning

Kunnskapsdepartementet har fastsett *forskrift om opptak til høgre utdanning 6. januar 2017 nr 13* (opptaksforskrifta) med heimel i *lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler*, jf. §§ 3-6, 3-7 og 4-9.

Departementet vurderer årleg i samråd med Unit/Samordna opptak (SO), om det er behov for endringer i opptaksforskrifta. Forslag om endringer frå universiteta og høgskolane som departementet har mottatt innan 15. april blir vurderte og sende på høyring, saman med eventuelle forslag frå Unit og Kunnskapsdepartementet. Det vedlagte høyringsnotatet er utarbeidd av Unit/SO på oppdrag frå departementet. I tillegg til forslaga i høyringsnotatet foreslår departementet nokre endringer som det er gjort greie for under.

Departementet viser til at forskrifta er fastsett i nynorsk språkform. Vi ber derfor høyringsinstansane nytte nynorsk når dei uttalar seg om forslaga.

Høyringa er tilgjengeleg på regjeringa.no. Høyringsfråsegner kan sendast elektronisk ved å bruke den digitale løysinga på www.regjeringen.no/id2721222. Det skal òg sendast kopi av høyringssvara til Unit/SO på postmottak@unit.no.

Høyringsfråsegner er offentlege og blir publiserte. **Høyringsfristen er onsdag 30. september 2020.**

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for høyere
utdanning, forskning
og internasjonalt
arbeid

Saksbehandlar
Bendik Sjølander
22 24 74 60

1. Forslag frå departementet

1.1 Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse

Forskrift om rammeplan for paramedisin tredde i kraft 1. januar 2020. I arbeidet med nasjonale retningslinjer for denne utdanninga blei det i programgruppa uttrykt ønske om å opne for at søkarar med relevant fagbrev skal få unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til paramedisinutdanninga. Alle utdanningsinstitusjonane som tilbyr paramedisin var representerte i programgruppa. Departementet har i tillegg mottatt eit forslag om eit slikt unntak. På bakgrunn av dette foreslår departementet å fastsette ei ny føresegn:

§ 3-11 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagd paramedisin

Institusjonar kan ta opp søkarar med relevant fagbrev som ikkje oppfyller krava til generell studiekompetanse, til spesielt tilrettelagd studium i paramedisin.

1.2 Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

§ 4-11 Desentralisert utdanning og deltidsutdanning

Det er fleire institusjonar som i den seinere tida har ønskt å tilby desentralisert utdanning som eit heiltidstilbod i distrikta. Institusjonane ønsker å kunne stille krav om geografisk nærleik til studiestaden for å sikre utdanning og rekruttering av sjukepleiarar frå lokalmiljøet.

Departementet meiner at geografisk nærleik ikkje skal kunne krevjast til studium som blir tilbydde på heiltid, berre for deltidsutdanning. Departementet viser til at det i størst mogleg grad bør vere open konkurranse om studieplassane i høgare utdanning. Det betyr at statleg finansierte studieplassar i utgangspunktet skal være opne for alle kvalifiserte søkarar. Det er grunnen til at departementet har vore restriktive også når det gjeld å imøtekomme søknader om spesielle kvoter, der regional tilknytning er søkt om som eit kriterium.

På sikt ville ei slik endring kunne gjere det vanskeleg å definere grenser for kva som er desentralisert utdanning.

Departementet ser at forskrifta kan oppfattast som uklar når det gjeld forskjellen mellom heiltidsutdanning og deltidsutdanning, og foreslår derfor ei endring i § 4-11.

Forslag til endring av § 4-11:

§ 4-11 Desentralisert utdanning og deltidsutdanning

(1) For opptak til desentralisert utdanning og/eller deltidsutdanning kan institusjonane fastsette spesielle opptakskrav i form av relevant yrkeserfaring. **Det kan stillast krav om inntil 5 års yrkeserfaring. Dersom det blir stilt krav om dette, skal minimum 2 år utgjere relevant yrkeserfaring. For opptak til deltidsutdanning kan institusjonane fastsette krav om arbeidstilknytning i studietida.**

(2) ~~Det kan stillast krav om inntil 5 års yrkeserfaring. Dersom det blir stilt krav om dette skal minimum 2 år utgjøre relevant yrkeserfaring.~~ **For opptak til deltidsutdanning kan det stillast krav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden.**

(3) ~~Det kan stillast krav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden.~~

2. Forslag som ikkje er foreslåtte i høyringa:

Einskilde forslag er ikkje tekne med i høyringsnotatet, då det ikkje vil vere aktuelt å innføre desse endringane no. Under er det gjort kort greie for nokre av forslaga som departementet har valt å ikkje sende på høyring:

2.1 Søknad om unntak frå krav om generell studiekompetanse

I kapittel 3 i opptaksforskrifta er det fastsett unntak frå krav om generell studiekompetanse for nokre studium. Departementet viser til at unntak frå kravet om generell studiekompetanse berre skal gjerast i heilt spesielle tilfelle. Slike unntak gjeld for søkarar som dokumenterer anna utdanning som til dømes forkurs eller spesielle faglege krav fastsette av institusjonen. Det er også fastsett unntak med grunnlag i relevant fagbrev (y-veg) til spesielt tilrettelagde studium. Departementet meiner at det ikkje kan gjerast unntak frå krav om generell studiekompetanse for å nytte fagbrev og praksis som einaste opptakskrav til eit studium.

Det har også kome inn forslag om å få unntak frå krav om generell studiekompetanse med heimel i §3-6 for fleire studium, med grunngjeving om at studia er kunstfaglege. Det finst i dag ikkje ein klar definisjon på kva som er eit kunstfagleg studium. Departementet viser igjen til at unntak frå kravet om generell studiekompetanse berre skal gjerast i heilt spesielle tilfelle og ikkje er eit generelt unntak, og at det er behov for å sjå på kriterier for kva som skal falle inn under denne føresegna.

2.2 Endring i spesielle opptakskrav

For opptak til paramedisin er eit av opptakskrava å bestå ei fysisk opptaksprøve. I forbindelse med den pågåande koronasituasjonen er det for opptaket 2020-2021 innført eit midlertidig unntak frå dette fysiske opptakskravet, da det ikkje har vore mogleg å gjennomføre dette kravet i år. Søkarane må i staden for prøva levere eigenerklæring. Departementet har mottatt eit forslag om la unntaket gjelde permanent, det vil si at det heller ikkje i framtida vil vere krav om å bestå ei fysisk prøve for å få opptak til dette studiet. Departementet meiner at institusjonar som tilbyr paramedisin må evaluere om dette er ei endring som kan gjerast varig, og vil eventuelt vurdere forslag om dette seinare.

Einskilde institusjonar har søkt om å få innføre nye opptakskrav til studium der det allereie er fastsett prøveordning med karakterkrav. Departementet viser til at prøveordninga skal evaluerast etter opptaket i 2020 og meiner at det er lite formålstenleg å fastsette nytt varig karakterkrav før evalueringa er gjennomført. Det kan vere aktuelt å sende eit slikt forslag på høyring når resultatane av evalueringa er klar.

Ein institusjon har søkt om å få endre opptakskravet for opptak til master i realfagsstudium og bachelorprogram i matematikk og fysikk til tilsvarande krav om ingeniørfag, med grunngjeving om at slike studium er lagt om til at studentane følgjer dei same basisfaga som ingeniørutdanningane. Same institusjon har også søkt om å få nytte karakterkrav til nokre ingeniørstudium. Kunnskapsdepartementet viser til at tilnærma like studium skal ha same opptakskrav, men at det er fastsett ulike krav til realfag, natur- og miljøfag og til ingeniørutdanningar.

Universitetet i Tromsø (UiT) ønsker fleire spesielle opptakskrav til studieprogramma i *Arctic Adventure Tourism* og *Northern Studies*. I tillegg til karakterkrav i engelsk ønsker dei eit krav om at søkarane skal levere eit motivasjonsbrev og at institusjonen kan gjennomføre intervju med dei best kvalifiserte søkarane. Forslaget er omtalt i høyringsnotatet frå Unit. Når det gjeld UiT sitt ønske om å gjennomføre intervju med dei best kvalifiserte søkarane, viser departementet til at dette i så fall må gjelde for alle kvalifiserte søkarar.

Departementet har også motteke søknader om unntak frå krav om kvote for førstegangsvitnemål. Desse søknadene vil bli handsama av departementet denne hausten.

Med helsing

Anne Line Wold (e.f.)
ekspedisjonssjef

Bendik Sjølander
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg

Adresseliste

Agder fylkeskommune
Ansgar Teologiske Høgskole
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo
Association of Norwegian Students Abroad
Atlantis Medisinske Høgskole
Barratt Due musikk institutt
Bergen Arkitekthøgskole
Bjørknes høyskole
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning
Elevorganisasjonen
Fagskoler
Fjellhaug Internasjonale Høgskole
Forskerforbundet
Fylkesmannen i Agder
Fylkesmannen i Innlandet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Nordland
Fylkesmannen i Oslo og Viken
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Troms og Finnmark
Fylkesmannen i Trøndelag
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark
Fylkesmannen i Vestland
Handelshøyskolen BI
Høgskolen i Innlandet
Høgskolen i Molde vitenskapelig høgskole i logistikk
Høgskolen i Østfold
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Høgskulen i Volda
Høgskulen på Vestlandet
Høyskolen for Dansekunst
Høyskolen for Ledelse og Teologi
Høyskolen for yrkesfag AS
Høyskolen Kristiania
Innlandet fylkeskommune
Kunsthøgskolen i Oslo
MF vitenskapelig høyskole for teologi religion og samfunn
Musikkteaterhøyskolen
Møre og Romsdal fylkeskommune
NKI AS
NLA Høgskolen
Nord universitet
Nordland fylkeskommune
Nordland kunst- og filmfagskole

Norges Handelshøyskole
Norges idrettshøgskole
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Norges musikkhøgskole
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Noroff høyskole
Norsk barnebokinstitutt
Norsk Gestaltinstitutt AS Høgskole
Norsk studentorganisasjon
NSKI Høgskole
Organisasjon for norske fagskolestudenter
Oslo kommune
OsloMet – storbyuniversitetet
Rogaland fylkeskommune
Samisk høgskole
Skrivekunstakademiet
Steinerhøgskolen
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Universitetet i Agder
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Oslo
Universitetet i Stavanger
Universitetet i Sørøst-Norge
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
VID vitenskapelige høgskole
Videregående skoler
Viken fylkeskommune

Kopi

Arbeids- og sosialdepartementet
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Barne- og familiedepartementet
Finansdepartementet
Forsvarsdepartementet
Forum for fagskoler - Abelia
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Klima- og miljødepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kompetanse Norge

Kulturdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Likestillings- og diskrimineringsombudet
Lærernes Yrkesforbund
Nasjonalt fagskoleråd
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen
Norsk Lektorlag
Nærings- og fiskeridepartementet
Olje- og energidepartementet
Rådet for offentlige fagskoler
Samferdselsdepartementet
Skolelederforbundet
Skolenes landsforbund
Statens lånekasse for utdanning
Unio
Universitets- og høyskolerådet
Utdanningsdirektoratet
Utdanningsforbundet
Utenriksdepartementet